

Stadnamna på veggen i skulen

04.11.2011



Dette er den heilt rette staden å hengja opp stadnamna på.
 Det sa rektor ved skulen Marie Elisabeth Kaldestad då Kristian
 Olav Bringedal i ettermiddag overrekte til henne ei liste over
 stadnamn i bygda med teikning som viser kva som heiter kva.
 Det ho sikta til var at både elevar og lærarar er svært flinke til å
 utnytta nærmiljøet. Dei to sit med lista på biletet over.

Thor H. Myklebust laga oversikten i 2008 saman med Bringedal og
 dei har sidan venta på å finna ein høveleg plassering.

At namna no har fått ein tilnærma offisiell form er viktig, for
 også her i Uskedalen er det ein nærmast evig debatt om stavemåtar.

Til dømes er det med lista no slått fast at bygdas høgaste og stoltaste fjell
 heiter Nåso. På den andre sida må ein foreta visse justeringar av lista
 her og der - det er såleis nødvendig for å få dei rette namna innanfor
 Nåso-massivet. Og kjenner vi slike spørsmål rett, dukkar det nok opp
 fleire alternativ etter kvart-

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen